

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Onsdag 14.3.2018
Stad: Gol, Oset Høyfjellshotell

Desse møte frå Regionrådet:

Petter Rukke, Hol kommune
Solveig Vestenfor, Ål kommune
Heidi Granli, Gol kommune
Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune
Tore Haraldset, Nes kommune
Tor Egil Buøen, Flå kommune

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar
Ulrikke Ytteborg, prosjektleiar

Desse møte frå rådmannsutvalet

Ole Johnny Stavn, Hol kommune
Tone Tveito Eidnes, Ål kommune
Hege Mørk, Gol kommune
Jan Olav Helling, Hemsedal kommune
Torbjørn Hansen, Nes kommune

SAK 15/18 SKJØNSMIDLAR 2018

Fylkesmannen har for 2018 helde attende midlar av fylkesramma for Buskerud som skal gå til fornyings- og innovasjonsprosjekt i Buskerud. Regionane har ansvaret for å velje ut prosjekt. Fylkesmannen er oppteken av at midlane skal koma kommunane til gode gjennom nyttige og målretta prosjekt. Regionane kan også samarbeide om felles prosjekt. Dersom ein region ikkje legg fram godkjente prosjekt, kan Fylkesmannen fordele midlane på annan måte.

Fordeling av skjønnsmidlar til prosjekter for 2018 er etter sama fordeling som tidlegare og med same beløp, totalt 4 mill. kroner.

Midlane er fordelt slik:

- Drammensregionen kr 900.000 (22,5%)
- Region Vestviken kr 550.000 (13,7%)
- Kongsbergregionen kr 900.000 (22,5%)
- Region Midt-Buskerud kr 450.000 (11,3%)
- Ringeriksregionen kr 500.000 (12,5%)
- Hallingdal kr 700.000 (17,5%)

Hovudprioritering:

Hovudprioritering er å styrke kommunen i rollen som tenesteprodusent, myndigheitsorgan, lokaldemokratisk arena eller som samfunnsutviklar og bidra til utvikling av kvalitet i tenestene, effektiv ressursbruk og betra økonomistyring. Prosjekta kan omfatte alle tenesteområdene i kommunen. Søknadsfrist er 31.03.18.

Rådmannsutvalet har prioritert «Innkjøpsløft Hallingdal».
Målet er m.a. å styrke kommunen som tenesteprodusent og samfunnsutviklar.

Kommunane i Hallingdal er med i BTV- innkjøpssamarbeidet. Dette samarbeidet fungera bra på mange område, men det kan og vera område der kommunane i Hallingdal er tent med eigne løysingar. I tillegg ynskjer kommunane å styrke kompetansen på innkjøp. Kommunane har innkjøpsansvarlege i ein liten stillingsbrøk.

Deler av næringslivet i Hallingdal opplever at kommunane ikkje nyttar dei i tilstrekkeleg grad eller dei ikkje får mogelegheit til å gje pris. Hallingdal har liten erfaring med å tenke innovasjon i offentlege innkjøp og har ikkje system som tek hand om dette. Det manglar prosessar og modellar for å inngå innovasjonspartnerskap.

«Innkjøpsløft Hallingdal» er planlagt som eit 3-årig prosjekt der det blir tilsett ein prosjektleiar innkjøp. Etter at prosjektet er ferdig og evaluert vil det bli vurdert å opprette eit samarbeid om innkjøp med ei fast stilling.

Prosjektleiar skal m.a. jobbe mot følgjande mål:

- Auka kompetanse om innkjøp/offentlige anskaffelsar i kommunane og næringslivet. Etablere kurs/samarbeid.
- Få på plass system for gode innkjøpsprosessar i kommunane generelt
- Auke kompetanse og utvikle system for å kunne gjera innovative innkjøp spesielt.
- Utvikle prosedyrar og modellar for kommunane for bruk av innovasjonspartnerskap med andre kommunar / næringslivet.

Meir om innovative anskaffelsar: <https://www.anskaffelser.no/innovasjon>

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal vil prioritere «Innkjøpsløft Hallingdal» for tildeling av skjønnsmidlar for 2018.

SAK 16/18 EVENTUELT

Hallingtinget 27.4.2018

Saker på Hallingtinget vil m.a. vera:

- Innlegg ved leiar i LVK (Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar)
- Rekneskap og årsmelding
- Livskvalitet Hallingdal
- Viken fylkeskommune (frå 2020), Hallingdal sine mogelegheiter og utfordringar
- Strategisk plan for Hallingdal, inkl. ByRegionprogrammet

Tiltak 29 i handlingsprogram Strategisk plan for Hallingdal

Til å arbeide vidare med tiltak 29 i handlingsprogram Strategisk plan for Hallingdal, «Arbeide for utnytting av lokalt råstoff, t.d. Hallingdal Trepelletts. Hallingdal, den grønne dalen!», vart det etablert ei eigen arbeidsgruppe:

- Tor Egil Buøen
- Heidi Granli
- Ole Johnny Stavn

Studietur Brussel

Dagleg leiar ser på mogelegheiter for studietur til Brussel i løpet av hausten.

Streaming av Hallingting/regionrådsmøter

Dagleg leiar skal vurdere mogelegheiter for streaming event. lydoverføring av Hallingting og event. regionrådsmøter.

Interkommunalt friluftsråd, aktuelt for Hallingdal?

Det vart drøfta om det er aktuelt med interkommunalt friluftsråd for Hallingdal.

Buskerud fylkeskommune har invitert kommunar og regionråd som er interessert i meir informasjon og samarbeid om utgreiing om etablering av interkommunale friluftsråd til møte på Flå 17.4.2018. I etterkant av dette møte vil det bli vurdert nærare om regionrådet skal ta noko initiativ.

Hallingdialekt

Det vart drøfta om Regionrådet burde engasjere seg sterkare i dialektarbeidet. Det vart ikkje trekt konklusjonar, men det var semje om at temaet må vurderast nærare.

Hallingdal 16.3.2018

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar